

ID 379.25
AMH/thm

Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Høyringsvar: Endring i budsjett- og regnskapsforskriften og i selvkostforskriften (avskrivningstider, kalkylerente og framføringsperiode)

Sunnhordland er ein langstrakt og stor øyregion, som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Her bur 65 000 innbyggjarar. Sunnhordlandsrådet gjer på vegne av regionen følgjande innspel:

Føremålet med forslag til endringar i rekneskapsforskrifta for kommunar og fylkeskommunar, er å få betre samsvar mellom faktisk økonomisk levetid og avskrivningstid. I tillegg er det lagt fram eit forslag om å endre kalkylerenta i sjølvkostsamanheng til ei rente som er meir i samsvar med renta som kommunane faktisk betalar i dag.

Føremålet med auka avskrivningstid er ei betre generasjonsfordeling av langvarige investeringar i infrastruktur som reduserer årlege gebyr og fordeler desse over fleire år.

Føremålet med betre samsvar mellom kalkylerente og kommunane si faktiske betaling av renter er å redusere kommunane sin renterisiko.

Innspel:

Avskrivningstid

Forslaget om å endre avskrivningstid for enkelte anleggsmidlar er positivt og bidreg til at kommunane i større grad avskrive anlegg over den faktisk økonomiske levetida. Kommunane i Sunnhordland trur dette også vil fremje betre kvalitet i investeringar som har ei lang levetid.

Når det gjeld punktet om at endringane har tilbakeverkande kraft, er dette bra. Her bør ein likevel gje kommunane høve til å bruke nokre år på å gjennomføre vurderinga. Det er ofte lite kapasitet i funksjonar som jobbar med dette ute i kommunane og tidsfristen bør difor vere romsleg.

Lånegarantiar

Det er viktig at kommunar som organiserer tenester som vatn og avløp i eigne aksjeselskap, også får høve til å utvide garantiar gitt til bankar som finansierer investeringar med avskrivningstid opp mot 80 år. Dette vil skape likebehandling uavhengig av korleis tenesteproduksjonen er organisert.

Kalkylerente

Notatet gir eit grundig bilete av kva effekten av dagens ordning er for kommunane sin renterisiko er. Det er også klokt at ein har konkludert med eit forslag om ein fast kredittmargin som også er i samsvar med marginar som Kommunalbanken opererer med. Dette vil gjere at kommunane ikkje lengre kan risikere å betale meir i renter til bankane enn det som er mogeleg å belaste på gebyra til innbyggjarane.

Det står i høyringsnotatet: «*Siden dagens kalkylerente (primo mai 2025) ligger på et noe lavere nivå enn den foreslåtte nye kalkylerenten, vil en endring i dag isolert sett bety en viss økning selvkost og gebyrnivået. Departementet foreslår derfor å avvente og eventuelt utsette innføringen av ny kalkylerente, og vil komme tilbake til tidspunktet for dette etter at det er gjort nærmere vurderinger i lys av renteutviklingen.*»

Det er bra om det blir eit betre samsvar mellom kalkylerenta og den faktiske renta kommunane kan finansiere investeringane sine til. Kommunane i Sunnhordland meiner at det hastar med å få vekk renterisikoen frå kommunane og ber Departementet vurdere å ta med endringa no.

Sunnhordlandsrådet vonar Kommunal- og distriktsdepartementet tar regionrådet sine innspel til grundig vurdering i den vidare handsaminga av saka.

Sunnhordland, 6. juni 2025

André Mundal Haukås
Regionrådsleiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar